

Jonas Vellesen Veen som omgangskulelærar i Gjesdal

Av Oddvin Veen, GHÆ

Jonas var fødd 5.2.1842 på Veen i Bjerkreim. Han prøvde seg først som krambugut hjå Bernt Vandsøe i Stavanger, men totte ikkje det var ei framtid for han i butikk. Han var så omgangskulelærar i Gjesdal ifra 1859 til 1861. Han tok eksamen på Holt seminar utenfor Tvedstrand i 1865. Både før og etter eksamen hadde han ein lærarpost i Time. Han var og kyrkjesongar i Time ifra 1866 til 1881. Han gifta seg i 1869 med Oline Olsdtr. Gudmestad frå Nærbø.

Dei flytte til Enebakk i Akershus i 1881 der han var kyrkjesongar. Jonas gav ut 17 lærebøker i norsk, historie og religion som blei mykje brukt i skulen. I 1889 kom den første boka. Han ga mellom anna ut ABC-bøkene Første boka åt barnet og Folkeskolens ABC-bok, samt rettskrivingsboka Norske emner.

Broren til Jonas, Velle, vart under ein bispevisitas i Lye i august 1861 oppfordra av biskop J. von der Lippe til å opprette en lærarskule i Time. I løpet av dei 5 åra skulen var i drift var kjende jærbuar som Arne Garborg, Torkell Mauland og Torkel Lende elevar. Også Jonas var elev ei stund.

Jonas Vellesen Veen skreiv bok om sin oppvekst i Bjerkreim og frå sitt tidlige voksne liv. Han kalla boka Jonas Vellesens Minnebok og det var ei tjukk handskrevet skrivebok. I denne sjølvbiografien brukte han sin eigen variant av rettskriving, truleg fordi teksten var meint for familien. Time kulturminnenemnd skreiv av og publiserte minneboka i 1968 i Ættesoge og Minne. Eg skreiv av dei avsnitta som handla om Gjesdal i mars 2011:

Jonas skriv:

Medan eg soleids gjekk og grundad paa, korleids eg skulde bera meg aat, fekk eg brev fraa Kjetil Ivesdal. Han hadde mykje umgang med lesarane i Gjesdal og kunde fortelja, at ein av dei beste skulepostarne i Gjesdals sokn var ledig, og no vilde han raa meg til aa sökja den. I byen var der farefullt. Kraambudgutarne freistast baade til aa ljuga og stela, og so kom dei i lag med so mange gudlause folk, som kunde forføra dei. Eg trudde, han hadde rett. Summaren var kommen, og eg lengtad til aa koma ut paa landet i friskare luft. Straks etter kom Gunnar I. Veen til byen. Han fylgde eg heim. Me seilad og rodde til Dirdal og gjekk yver heidi. Paa denne utferd lærde eg aa skyna, at det ikkje var so greidt holder aa slaa seg igjenom verdi.

Nokre vikor etter gjekk eg til Helleland fyr aa faa attest hjaa presten. Daa eg kom dit, var presten i Eikersund, men han skulde koma etter um kvelden, og der var difyr ingi onnor raad en aa bia paa han. Dei bad meg inn i ei stova, og eg fekk nokre bøkar til aa driva tide med. Strakst presten mot kveld kom etter, skreiv han attest, og daa han flidde meg den, sagde han: "Naar du leverer Gjesdals prest denne, saa blir du ansat." Eg takkad og gjekk og naadde til lensmannen paa Bjerkrheim um kvelden. Daa eg kom heim, sende eg ansökning og lagde attesten inn i den. Fraa presten Gunnerus fekk eg til svar, at eg laut møta med Gjesdalskyrkja fyrste prekk, so vilde han prøva, um eg hadde kunnskap til aa vera skulemeistar. Eg so gjorde. Etter tenesten fylgde Vetle Gjesdal meg inn i skrudhuset (sakrestiet) til presten. Fyre meg var der komne two andre unge guitar, som skulde prøvast. Dei var fraa Gjesdals sokn og vart prøvde fyrst. Dei las nokre vers i testamentet, og so vart

dei spurde i sin kristendomslæra. So kom han til meg. Eg turfte ikkje lesa inni bok og fekk berre nokre faa spørsmål. Vetle Gjesdal fortalte, at eg var av hans folk, og vilde innestaa fyr, at eg var ein skikkeleg gut. Presten sagde, at eg kunde börja skulen anten i slutten av september eller i börjingi av oktober. Med lett hjerta foor eg heim att. No hadde eg fenget skulepost. Gud gjeve, eg no kunde verta ein dugeleg lærar!

I slaatten var eg hjaa Tønnes og slo, solenge dei var paa stølen, men daa dei drog heim og börjad paa vollen, slo eg paa Bortrafjellet og paa Strondi til nokre sauvar, som eg aatte. Om summaren kom Velle heim. Han hadde voret paa seminaren eit aar. Han var framifraa kvat, pratad og song. Medan me fiktad og slo i Finnbakkjen, kastad han orvet og song: "Blant alle lande i øst og vest", so det ljomad. Det var fyrste gongi, eg hadde hørt den songi, og eg likad den framifraa godt. Han song au: "Se Noregs blomsterdal." "Aftensolen smiler" og nokre andre skulesonger, som daa var ukjende fyr oss, og der vart ikkje liti undring, daa han sagde, at slike songer lærde dei paa seminaren, og slike burde borni læra paa skulen, naar dei fekk syngja slike.

Ein dag, daa me hadde kvilt i høyet i løda, stod Velle upp fyrist og las upp eit dikt, han hadde i lummen. Det var "Vikinge-kvæde ved ein songarfest" av A.O. Vinje (sjaa Vinjes skrifter i utvalg 3 bd. Sida 63). Høgt og greidt fremsagde han:

Dei gamle vikingar paa si ferd,
Dei brende, so at det brakad,
Og hogg med øksar og kvasse sverd
So bein og brynjord ei knagad
Dei vaksne dei med spjotom stakk o.s.v.

Etterpaa fortalte han, at den mannen, som hadde sett i hop dette diktet, var fraa ei fjellbygd, hadde gjenget paa seminaren og sidan teket paa aa studera. Den heimlege klangen i dette maalet gav eit djupt inntrykk. Etter denne dagen visste eg, at der fanst folk, som skreiv bondemaal, men eg hadde ingi greida paa maalsaki. Um hausten tok eg paa med skulen.

Mange Bjerkrheimbuvar totte, det var heilt kar, at Bjerkrheim held Gjesdal med ein skulelærar, og ikkje faa Gjesdøler totte paa si sida, at det høvde litet, at dei skulde faa skulelærar fraa ei annor bygd. Gjesdal hadde fyrr haldet seg sjølv med lærarar, og fraa Gjesdal hadde fleire tekete ut til andre bygdar som skulelærarar. Nokre hadde endaa vortet klokkarar i andre bygdar. Tjøl Jespersen var t.d. klokkar i Oddernes, Gunnar Thorkelsen i Vestre-Moland og Olaf Ravndal i Soknedal.

Endaa Bjerkrheim og Gjesdal skifter med kverandre, er dei i mange ting ulike med hensyn til folkaliv, seder og skikker. Jamvæl maalet brigdar litt. Gjesdal liknar i maal og seder Jadren, og Bjerkrheim dei andre bygdar i Dalarne. Skiftet millom desse 2 bygdar er liksom eit litet maalskifte. Men litet er det. Bjerkrheimbuarne seier "kaa", Gjesdølarne "kæ". B. bøygjer nokre namnord i fleirtal paa-a, G. paa – e. Soleids segjer Bj. : "føda, røda, brøra, henna, fenna, høva" osv. Gj. "føde, røde, brøre, henne, fenne, høve" osv. Endvidare:

Bj. Kydna, brydna, vidling, non.
Gj. Kye, brye, mjetkemad, nun.
Bj. Segjer agale, men det ordet brukar ikkje Gj.
Gj. Segjer adlevejen, men det ordet brukar ikkje Bj.

Bj. Segjer "Eg gjekk eisemadle", men Gj. Segjer: "Eg gjekk einasta." Bj. Segjer væl: "Han aat einaste", det vil segja: Han aat berre kjøt elder suvl, men ikkje braud til, men han segjer ikkje gaa einaste, d. e. gaa aleina.

Kver totte no i den tid, at deira maal var det beste, og dei var snare til aa læ aat kverandre naar dei kom i hop.

Fyrr eg børjad skulen i Gjesdal, gjekk eg til han Skulethore (Thore Vølstad), som var fødd i bygdi og væl kjend, og spurde han nøgje ut um alle skikkar. Han raadde meg blant annat til, at eg anten maatte tala bokmaalet elder ogso tala kvert ord ut soleids som Gjesdølarne. Eg valde det siste, for eg hadde ikkje hug til aa knota. Paa eit par vikor hadde eg lært aa tala som ein Gjesdøl. Ingen turfte læ aat meg fyre skuld maalet. Gjesdal er ei mindre bygd en Bjerkrheim. Longe i den tid var der kjøreveg mest til kver einaste gard, so folk hadde lett fyr aa koma i hop. Ingen hadde lenger veg til kyrkja en ei mil, og daa der berre var prekk kver 3die søndag, var søknaden til kyrkja jamnare en i B.

Til Bjerkrheimskyrkja reiste folk i mengdevis kver høgtidsdag, paaske, pintse og nyaar (1ste joledagen var der prekk paa Helland), og elles nokre prekkar um summaren, som "multeprekki", naar multerne var modne, og "smørprekki", naar dei tok med seg smørtollen til presten. Ungutarne hadde daa tidt med seg brennevin i ei flat pælaflaska, som var høveleg aa ha i lumma. Gjentorne hadde med seg egg, helst paaske og pintse. Gutarne kravde paaskeeegg af gjentorne og skjenkte brennevin. Gjentorne letst ikkje vilja vera av med egg, so guitarne skulde riva og slita dei ifraa dei. Stundom slo guitar og gjentor seg isaman til lag og heldt til anten paa loft inne paa Bjerkrheim elder ute paa markjer og vollar, naar veret var godt. Retterne i sovorne gjestabod var egg og kyrkjekaker (kaker, som dei hadde med seg til nista) og brennevin. Multeprekki kunde dei til med ha ein ambar med multer. Det var ikkje berre Bjerkrheims ungdom, som stelde seg slik; gjesdalbuar, thimebuar, hellandssokningar og eikersundssokningar strøymde til Bjerkrheimskyrkja slike prekkedagar og var ikkje eit haer betre enn dei andre, holder verre. Naar dei reiste til Bjerkrheimskyrkja, totte dei, dei kunde gjera, som dei vilde. Der var fritt spel. Ungdomen likte slike skikkar, og dei, som var sjølskrivne til aa forandra dei, torde ikkje tru seg rektig til; for dei meinte, guitar og gjentore in stad laut høvast og læra kjenna kverandre. Dei visste, at slikt kjenskap tidi hadde voret aarsak til brudlaup og livsvaregt samvære. Det segjer seg sjølv, at ikkje alle kunde brukta brennevin med maate, ikkje ei gong paa ei kyrkjeferd. Det hende, at ein elder annan fordrakk seg, og slike hendingar sette eit stygt ord paa Bjerkrheimsbuarne, um so utbygdingarne jamnaste var verre enn dei.

Gjesdølarne tottest i alle maatar aa vera skikkeligare og betre enn bjerkrheimbuarne; for det var ikkje vis aa fara slik aat, naar ein reiste til Gjesdalskyrkja. Gjesdalskyrkja stend i ei bumark eit godt stykkje fraa andre hus. Det høver ikkje aa støvda der lengje, naar ein kjem ut or kyrkja. Men naar veret var godt, heldt likavæl sume der vonom lengere. Dei helsad paa kverandre og rødde um laust og fast. Ja, det hende au, at dei handlad, helst hestar, og betalte kverandre pengar; men elles hadde dei au andre ting fyre seg, som betre kunde passa paa søndagarne. Detta skal seinare verta nemnt.

Gjesdal og Kluge var den eine skuleruta mi, Indra Lima, Berge og Lomeland var den andre og øvre og nedre Oltedal den tredje. Det er denne garden, som prestarne Oftedal hev namnet sit etter. Garden heiter Oltedal; det namnet hev berre vortet forvrengt ved ei feilstaving.

Mikkjelmessdagen børjad eg paa skulen hjaa Mons Oltedal. Han budde i den austre enden i den austre skuleruta i holaste Oltedalen. Der mødte so mange born, som der kunde faa rom umkring

langbordet-paa lag 12-14. Nokre var bitte smaa, andre store og gamle. Eg held ein tale til deim um, kor viktig det var til aa læra. Dei hadde nokk voret paa skule fyrr, so dei inkje var framande fyr det arbeidet. Eg hadde au voret lærar fyrr, sagde eg, so eg visste, kva det hadde paa seg. Skulde det gaa væl, laut baade born og lærar gjera alt det, dei var i stand til. Eg vilde no gjera, det eg kunde og vonad, dei vilde det sama, so skulde me hava baade gagn og gleda av det, me var ihop. I undervisningi brukad eg den same umgangsmaaten, som eg var vann med, daa eg sjølv gjekk i skulen, og som dei andre lærarane i bygdi brukad. Det falt meg inkje inn aa gjera stort umbrøyte. Kvert barn hadde leksa, der det var komet til i boki. Eg prøvde au med aa gjeva deim leksa inni bok med skulebordet, og daa las dei høgt alle i hop med ei gong, som dei var vande til; men det vart slik skraal og skrik, at eg laut slutta med det og lata dei lesa ein i senn, og so høyrde eg etter og passad paa deim, so godt eg kunde. Eg gav meg inkje tid til aa gaa ut og snakk med folk i undervisningstidi, som Gjeitrheimen hadde gjort, og endaa mindre drogst eg med aa bøgja hekter, som Vølstad—lærarane gjorde. I fritidi leikad eg ikkje med borni, daa eg var rædd, dette kunde vera til skade fyr vyrdnaden. Naar eg sluttad skulen um kvelden, gjekk borni heim kver til seg, so eg daa hadde god ro og fred. I skumingi gjekk eg ein tur, i fall det var upphalds vedr. Der var bratte fjell, som eg var vann med heima; men eg var ikkje vann med aa sjaa so stort fjell mod sud. Det høge fjellet paa sudsida av dalen hek i hop med Vinjaheidi. Eg var berre komen paa nordre sida av fjellet, og eg totte, det var reint i ein avdal. I fyrstningi kjende eg meg framand og totte folk ikkje var som i heimbygdi. Skulen totte eg, dei viste liten vyrnad. Eg var vann med, at skulemeistaren alltid vart sett i høgsetet heima; men her sat husbonden sjølv der, og læraren skulde hava sætet sitt paa den øvste benkenden ovanfyr langbordet og etter honom sønerne i huset og so tenararne, i fall der ellest var baade born og tenarar i huset. Paa forsætet framanfyr bordet sat døtrarne og tenestegjentorne. Haust, vetr og vaar elder den tid, der var skule, hadde gjesdalbuarne berre 3 maaltid um dagen, morgen, middag og kveld. Daa eg altid var vand med 4 og tilmed var i uppovkstren, var det i fyrstningi ikkje meir enn, so vidt eg kunde berga meg. Kveldarne nyttad eg so flittig til lesning, at dei sagde det, kor eg var, at dei alldri hadde set nokon skulelærar, som hadde leset so mykje. Um kvendfolki um kveldarne let 3—4 surrande rokkar gaa, og um mannfolki hadde travalegt med kniv og øks, fekk eg altid eit litet rom burt med kola, so mykje eg kunde sjaa aa lesa; men daa lysekola elder tranlampen berre lyste paa tri kantar og skygde paa den 4de, var det sume stader vondt nokk aa faa rom. Eg laut tenkja paa heimbygdi, der det vart sett ljós (av talg) paa bordet fyr skulemeistaren heile kveldarne. Kola med stryta, som trekte tranrøykjen upp, hadde eg inkje sett fyr.

Mons Oltedal, som hadde stor gard og difyre skulde hava skulen i 11 dagar, var velstaaande og arbeidsam. Um han heile dagen hadde voret ute paa tungt arbeid, heldt han paa heile kvelden, til klokka var ti, aa hogga kvelaskautar. Eg hadde, so lenge eg var der, plads midt framfyre øksi hans; men han sagde meir enn ei gong, at eg inkje turfte vera rædd; for han hadde skjeftat øksi so godt, at han skulde innestaa fyre, at ho inkje gjekk av skaftet, og difyre sat eg med boki so trygt som i ein festning; for um der av og til spratt ei spøna paa anledet mitt elder paa boki, so gjorde det ingen ting. Stundom laut eg leggia boki atter og gjeva meg til aa snakka mede denne arbeidsame mannen. Han kunde baade prata og hogga med ei gong han, medan der var litet prat, i dei 3 sønerne og dei 2 døtrarne hans. Mons hadde i sine unge dagar tenkt paa aa verta skulemeistar, sagde han. Presten hadde endaa lovt han ein post; men so hadde han reknat ut, at han skulde tena meir med aa handla krettur og gjæta i heidi, og so let han skulen vera. Men lesa likte han enno; men han hadde ikkje tider til det uttan um søndagarne. Siste søndagen hadde han leset heile apostlarnes gjerningar; men der var nokot, han kom til aa undrast paa. Kvi fyre skulde Paulus og Barnabas verta usamse og skiljast

fraa kverandre, dei, som beggje var drivne av Guds aand?. Eg gav honom den rettleiding, eg var god fyre, og naar der ikkje var altfor mykje hoggedun og rokkasurr, las eg høgt nokre stykkjer av dei 400 forteljingarne hans E. Mau, som høyrdé skulen til. Dette likad Mons godt og fortalde daa um dei røynslor, han hadde gjort, daa han handlad og gjætte i heidi. Hjaa han Mons raakad eg paa "Folkevennen for 1855". Det fyrste stykkjet, eg las, var norske nomn av Ivar Aasen. Sidan las eg dei andre stykkjer i boki, som eg likte framifraa godt. Paa fyrste blad stod skrevet; "Tilhører Gjesdals sogns almuebogsamling". No fekk eg greida paa, at denne boksamlingi var i kyrkjestova, og at ein kunde faa laana böker der kver prekk. Fyrste søndag, eg kom til kyrkja, laante eg meg böker og bytte sidan böker der, sovidt eg minnest, kver søndag, solenge eg var i Gjesdal. Denne boksamlingi var meg til stor nytta. Eg las alle dei utkomne aargangarne av "Folkevennen" med "tillægshefter". Det vekte eit norsk hjertalag og norsk hug hjaa meg. Dei mange maalprøvor, eg der saag, gav meg hug til eit norsk maal, og hadde eg i den aldren börjat aa skriva norsk, so hadde eg no voret betre til det, enn eg er. "Skillingmagazin" og "Christelige samler" av Mau høyrdé au boksamlingi til, og eg las dei meste aargangar av deim.

Paa mange gardar fann eg au böker, som eg hadde moro av aa lesa. 3-4 mann hadde au börjat aa halda avisar. Det var "Almuevennen". Eg las dette bladet so tidt, eg raakad paa det, og fekk Nils Espeland, Tønnes og Torgji Veen til aa halda det. Det var det fyrste bladet, som vart haldet ovanfyr Storavatn. Eg gløymer aldri, kor morosamt eg totte, det var, daa eg fyrste gongi las i "Almuvennen" "en søndagskveld i Hardanger røgstue" og "Katekisationen" i Heterdal av Asbjørnsøn og saag bilæti til desse stykkjer.

Gjesdalbuarne var i det heile svært strævsame. I si bok um "Husflideni Norge" kallar Eilert Sundt Gjesdal ei "vindskibelig" bygd. Der var au svært mange Ljaasmedar og hjulmakarar; men inkje alle var so trælanne som han Mons holder. Mange gav seg tider til aa lesa um vetrakveldarne, og endaa fleire hadde hug til aa høyra paa, naar eg las. Mange stader var der hugnadsamt aa vera. Paa Oltedal likte eg best hjaa han Faniel. Han var inkje lite upplyst og hadde sans fyr oplysning. Paa yvre Oltedal var det gildt aa snakka med han Gamle-Einar, som hadde voret ute i ufreden 1814, og kona hans, som var komen fraa Fredrikshald. Det var eit stormannshus. No hev det gjenget ut med ætti. Alle dei tri sønerne hans, som no liver, er busletne. Kor det gjeng upp og ned i verdi! Yvre-Oltedal er ein fager gard paa ei slett med Oltedalsvatnet. Millom yvre og nedre Oltedal er der nokre fossar. Der hev dei no fenget i stand eit spinderi. Paa Berge var ein gamal mann, som heitte Lars. Han var upp i mot 80 aar. I sine unge dagar hadde han voret skulemeistar og leset mykje. Det var kannhenda den mest upplyste mann i bygdi. Hjaa honom likte eg allra best; for ein kunde læra mykje av honom berre ved aa tala med honom. Han var bibliothekar (utlaanar) for boksamlingi, og ingen kunde vera meir høveleg til det enn han. Naar han kom i snakk med nokon ved kyrkja—og han kjende no alle og skulde tala med alle-, spurde han: "Skal du ikkje no faa med deg ei gild bok? Kveldarne er so lange." "Jau, det var kje so galet det; vil du finna meg upp ei?" Ja, det vilde no han Lars, og so bar det burt aat Skaapet i kyrkjestova. Lars kjende sine folk og viste altid aa finna bökar, som passad.

Broderson hans, han Erik Lima, hadde au voret skulemeistar og var høvdingen fyr lesarane i bygdi. Han for i den tid meir enn no som lægprekker fraa bygd til bygd. Nys hadde han faret so godt som yver heile Trumsøy bispedøme som "kolportør". Daa eg heldt skule hjaa honom, las eg den dagboki, han hadde ført paa denne ferdi. Naar folk gjekk ut or kyrkja prekkesøndagarne stelde han seg paa den eine sida uttanfyr kyrkjegardsporten og las anten av "Joh Arnts sande kristendom" elder ei onnor gudeleg bok, formanad folk til umvending og bad. Ikkje faa flokkad seg um honom og høyrdé; men

endaa fleire gjekk forbi utan aa ensa lesnaden. Dei hadde so mykje annat, dei laut tala med kverandre um.

Daa bispen von der Lippe paa eit bispemøte (visitats) sagde, det ikkje høvde aa lesa og tala der, men at han holder skulde tala i eit hus ein stad, lovad Vetle Gjesdal lesararne hus kver søndag etter prekk, og der vart daa stødt samling. Daa eg mykje var hjaa han Vetle Gjesdal um søndagarane, fyrdi eg hadde for lang veg heim, var eg altid med i desse samlingarne. Erik talad med liv og kraft. Fleire andre heldt au bøner. Til andre tider vart der haldet uppbyggelsar andre stader i bygdi. Naar eg um søndagskveldarne var hjaa han Vetle Gjesdal, las eg helst i J. Arnts "Sande Kristendom" og talad mest um Guds ord. Det var eit aalvorlegt kristelig hus. Kona var syster hans Erik Lima. Det var snille folk. Rasman Gjesdal var den tid den rikaste mannen i bygdi. Det var ein morosame mann, som kunde mange regler. Naar han reknad upp dei prestarne, som bygdi hadde havt, sagde han: "Storm, Mose, hardt ver og Frost" istaden fyr: Storm, Moss, Hartmann og Frost. I det huset hadde dei det inkje so andsamt um kveldarne, naar skulen var i huset. Ljoset stod paa bordet heile kvelden, og baade dei konfirmerte og dei ukonfirmerte borni hans sette seg umkring bordet med meg. Stundom reknad me; stundom skreiv; stundom las me forteljingar, og stundom sat me berre og heldt moro. Der var trivelegt i det huset.

2 aar flytte eg med skuleskrinet paa ryggjen fraa gard til gard i Gjesdal. Dette skrinet var lagad som eit skrivarskaap (chatol) og naar ein sette det paa ein benk elder ein stol, kunde ein nytta det til skrivebord, naar ein lukkad upp loket. Der var to store og tri smaa skuffer i det. Naar det var fullt av nye bøker, var det tungt. Kver jol var eg heima paa Veen, og stundom reiste eg au heim ei helg millom nyaar og vaaren. Ei gong vart eg verande heima væl lenge. Eg skulde börja skule paa Oltedal ein maandag, og fyrt tidlegt um morgonen same dagen foor eg fraa Veen. Men der var mykje snø og godt skiføre, so det gjekk svint yver heidi. Eg naadde fram til middag; so seint hev eg alldri börjat skulen korkje fyrr elder sidan. Um sommaren held eg meg paa Espeland; men kver 4de vika laut eg reisa til Gjesdal aa "høyra yver lekserne" i alle 3 ruter. I skuleløn hadde eg 12 dalar (48 kr.) um aaret fyr 24 vikors skule og 9 yverhøyringsdagar; men daa eg tente nokot um sommaren og fekk klæder hjaa mor, lagde eg meg upp pengar.